



Tilknytta organisasjoner;

Sykkylven kommune

Molde, 9. des. 2024

Dette brevet sendes på vegne av Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre Friluftsråd, fylkets tre turistforeningar, fylkets 4 speidargrupper og 4 H Møre og Romsdal.

## Oppstartsmelding - Kommunedelplan områda kring Nysætervatnet

Vi viser til oppstartsmelding for kommunedelplan områda kring Nysætervatnet i Sykkylven kommune med høyringsfrist 12. jan. 2024.

FNF Møre og Romsdal bryr seg om natur og friluftsliv. Arealendringar utgjør den største trusselen mot norsk natur, planter og dyr. Endringane vil svekke styringen av arealbruk og moglegheita til å se sumeffekten, og dermed forverre situasjonen for naturen i Norge. Nedbygging av natur er eit tema som no fort treff denne plana for arealet rundt Nysætervatnet.

Vi les at hensikta med plana er å revidere eksisterande plan frå 2014 då det er eit vesentleg endra utfordringsbilde sidan 2014. Dette gjeld nye målsettingar knytt opp til berekraftig utvikling i høve til framtidig hytteutbygging og viktigheita av å sikre viktige natur- og friluftsområde. Dette er noko vi liker. For vi har i lang tid peika nettopp på det pardoksale i den lave verdsetting av samfunnsinteressene (natur og årmenta) i høve til den høge verdsettinga av private interesser (hytte). Eit av innspela i den sjangeren frå oss kom til uttrykk ved uttale til Fausadalens hyttefelt av 28 feb. 2022 der intensjonen er å auke tal hyttetomter med 88 til totalt 295 tomter (sjå vedlegg). Når det er sagt trur vi at denne vår



**Samarbeidsnettverk mellom natur- og friluftslivsorganisasjoner**  
moreogromsdal@fnf-nett.no | Idrettsvegen 2, 6413 Molde | tlf 46 43 14 27  
organisasjonsnummer 916 451 954 | www.fnf-nett.no/moreogromsdal



uttale til Fausadalen hyttefelt også treff mykje av utfordringane ved utarbeidninga av kommunedelplana for Nysætervatnet. Vi sett dette opp i nokre punkt som vi ber Sykkylven kommune sjå på i sin rullering av kommunedelplana for Nysætervatnet:

1. Sjå eit større område i staden for små bitar (frimerke). Dette gjeld også at ein må sjå areal over kommunegrensene og dette treff jo nett her – så kvifor er ikkje dette ein interkommunal plan i samarbeide med Stranda kommune?
2. Reguleringsplanar og kommuneplanar er fint, men korleis er realpolitikken ? Hensikta med å lage ei ny plan er jo ikkje at denne skal bli meir i samsvar med eksisterende forhold, dvs utført utbygging. Vi meiner at opprydding og oppfølging av gjeldande planar og løyper som er gitt må gjerast helst før eller parallelt med dette planarbeidet – for elles risikerer ein ei ny plan som ikkje blir fulgt.
3. Målet med god kartlegging av natur og konsekvensutgreiing er at Sykkylven kommune skal auke sin kunnskap om eigne naturverdiar, slik at dei kan få betre kunnskapsgrunnlag for å gjere politiske val tidleg i planprosessene. Kartlegging av naturmangfoldet er heilt sentral i planlegginga, og må utførast av fagfolk og det må gjerast i vekstsesongen, slik at moglege påvirkningar og konsekvensar for naturmangfoldet blir vurdert på best mogleg måte. Det er gjort NiN-kartlegging i delar av planområdet tidlegare (2020), men denne blir fort for grov og lite nyansert i høve til fugl, myr, slåttemark, beitemark etc. Så vi forventar at kartlegginga blir på eit nivå som tek med seg desse verdiane også der desse variable er fragmenterte. Vi forventar også at all informasjon som kjem fram er stedbaser og dermed etterprøvbart. Sjå forøvrig også vedlegg frå ringmerkerane i regionen.
4. I 50/100-metersbeltet langs sjøen og langs vassdrag skal det takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre ålmenne interesser jfr Pbl. § 1-8 første ledd. Vi les at det er eit nasjonalt mål (satt av regjeringa) at strand- og vassdragssona skal bevarast som natur- og friluftsområde tilgjengeleg for alle. Vi ber difor om at ved denne heilheitlege plana for Nysætervatnet så tek ein spesielt omsyn til vasskanten.
5. Vi synes det er fint at det settast av areal til turvegar/turstiar og at det leggast til rette for folkehelsa. Men vi er redd ein uvekta vurdering av folkehelse/natur gjer at dette tek for seg for mykje av naturen på staden. For i dag er jo fort turvegane som ein vanleg veg å rekne og gir store inngrep med drenering av myrene etc då det må vere stor bærevne for maskinparken. Vi ber om at ein også vurderer enkle turstiar som jo ofte er nok til å gi folkehelse samstundes som ein tek omsyn til natur.
6. Vi meiner å sjå at dette naturområdet ved Nysætervatnet som består av mykje myr, bekkar, våtmark og vatn har nok samla belastning allereie med den hyttebygginga som har skjedd til no. Vi fryktar at fragmenteringa diverre aukar med denne plana og dette ikkje er tålbart for naturen og går over naturens bærevne. Vi ber om at det blir teke nødvendig omsyn til naturen i og rundt Nysætervatnet ved rulleringa av denne kommunedelplana.



Helsing

**Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal**

*Ingbjørn Bredeli*

Fylkeskoordinator  
FNF Møre og Romsdal



Vedlegg: Uttale frå FNF Møre og Romsdal om Fausadalen hyttefelt av 28 feb. 2022

Uttaler frå Sunnmøre Ringmerkingsgruppe om området ved Nysætervatnet frå 2019 og 2021

Kopi: Stranda kommune